

# Jærlandskapet

## - frå lyng og stein til grøne kulturbeite



Kulturlandskapet på Jæren, tilliks med andre stader, har endra seg over tid. Dels skuldast dette klimavariasjonar, men mest av alt som følgje av menneska si verksemd i ulike tidsbolkar. I somme periodar har folka sett varige spor etter seg i landskapet. I andre tidsperiodar er det berre ulike lausfunn, pollenanalysar og arkeologiske undersøkingar som kan etterspora menneskleg aktivitet.

For 4000 år sidan hadde me eit varmt og tørt klima på Jæren. Landskapet var dominert av lauvskog med bjørk, eik, alm, lind, hassel og noko furu. Menneska var jegarar og sankarar som ikkje har sett varige spor etter seg i landskapet. I bronsealderen 1000-2000 år seinare var her og eit varmt og tørt verlag. Menneska var blitt jordbrukarar. Dei reiste mektige gravhaugar over sine døde - minne som ennå er synlege mange stader på Jæren.

I jernalderen endra både klima og landskap seg. Fuktig og kjøleg klima fekk myrar og torv til å veksa. Fehaldet var viktig for folka her, og det opne beitelandskapet med lyng og gras dominerte jærlandskapet, slik det kom til å gjera like opp mot nyare tid.

Trea var borte, og steinen vart viktig - både som byggematerial til hus og til gjerde som kunne skilja åker og innmark frå utmark og beite. Og steingjerda markerte eigedomsgrensene mellom dei ulike gardane. Sjølv om minna etter mange av desse forhistoriske gardsanlegga er rydda bort av nyare tids jordbruksdrift, er Jæren den landsdelen med flest synlege spor etter denne perioden.

### *Eit omskapt kulturlandskap*

I mange hundre år var Jærlandskapet dominert av bruntonane frå lyng og myr. Husa på gardane låg samla på haugar og små høgdedrag med sjølvdrenerande jord. Kring husa låg den dyrka jorda - i hovudsak åkerland. I åkrane var det store jordfaste steinar, og åkeren blei spadd for hand. Produktiviteten i det gamle spadebruket var likevel høg, og avkastninga kunne vera opp i 7 foll. Hovudproduksjonen var korn, og Jæren selde korn til andre distrikt.

Få stader i Norge har kulturlandskapet blitt så grunnleggjande omskapt i løpet av dei siste to hundre år som på Jæren.

I første halvdel av 1800-talet begynte endringane av den gamle gardsskipnaden. Gardane blei utskifta og det gamle teigblandingssystemet blei oppløyst. Dei enkelte brukarane fekk jorda si samla og ei omfattande nydyrking tok til. Utover 1800-talet tok og bøndene i bruk maskinar og nye driftsmåtar. I dag er Jæren grøn. I løpet av dei siste 150 år har jærbuen tappa ut vatn og myrar, grøfta og brote opp stein, og skapt tusenvis av mål med nytt jordbruksland. Først med handemakt; spade, spett og steinbukk. I løpet av vel eit hundreår endra Jæren seg frå å vera eit tilbakeliggande jordbruksteknologisk område til å bli eit av dei mest intensive og mekaniserte jordbruksstroka i landet.

Jordbruksproduksjonen blei dessutan lagd om frå korn til mjølkeproduksjon og andre spesialiserte husdyrproduksjonar. Sidan 1950-talet vart nye vidder nydyrka ved hjelp av "Brøyten", den jærseke gravemaskinen. Utover 1900-talet kom dessutan kunsgjødsla i bruk og forvandla lyngmarka til grønkannde kulturbeite.

Eit av dei mest karakteristiske elementa i jærlandskapet dei siste 150 år er dei mange mil med steingardar som skilde dei ulike bruka frå kvarandre eller hegna om dei dyrka teigane.

I dag er også steingardane i ferd med å bli borte. I staden har me fått nye dominerande liner i landskapet: lange rekkjer av kvite plastpakka rundballar som vitnar om den nyaste teknologien innan grasproduksjon og forkonservering.

### *"Lommar" av gamle Jæren*

Men i dette moderne jordbrukslandskapet kan me ennå finna "lommar" att av det gamle Jæren - område som av ulike grunnar har unngått grøfting eller maskindyrking. Eitt av desse områda ligg på gardane Kvia og Audamotland, på Nærbø i Hå kommune. Med myr, skrint og steinute kulturbeite, restar av lyngmark og variert grasvegetasjon, er dette ei minning om det gamle jærlandskapet. Området ligg i tilknytning til det nye Jærmuseet som vart opna i 1995.

I 1994 kjøpte staten inn dette område (på nærare 700 da) til kulturminne- og friluftsområde.

Her finn me og spor etter menneskleg aktivitet og jordbruksdrift gjennom fleire tusen år. På stader har slikt spenn i synlege fornminne og kulturminne frå ulike tidsperiodar konsentrerte på eit forholdsvis avgrensa område - frå bronsealderhaugar, ringforma tunanlegg og tufter etter folkevandringsgardar. Gardfar og teigar frå folkevandringstid og mellomalder fortel at tidlegare tiders innmark har blitt utmark og kulturbeite i seinare tidsbolkar. Kryssande gardfar minner om at grensene mellom ulike bruk, og skilje mellom innmark og utmark, har endra seg over tid.

Strukturane etter den gamle jærgarden frå tida kring 1600 (då Audamotland vart busett på ny etter svartedauden) er framleis i store trekk intakt. Tunet på garden er frå slutten av 1700-talet og husa er under restaurering. Her skal Jærmuseet demonstera driftsmåtane i det gamle spadebruket. På nabogarden Kvia har Jærmuseet allereie eit anna gardsbruk på 55 da med heilårsdrift som viser husdyrhald og driftsmåtar på ein jærgard med utgangspunkt i 1950-åra.

På sikt håpar ein og å rekonstruera fleire av dei forhistoriske gardsanlegga og visa jordbruksdrift og dyrkingsmåtar gjennom fleire tusen år.